

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 18.10.2017

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Stein Inge Ryssdal (H) er styreleiar i Bergen-Os bompengeselskap AS og styremedlem i Voss og Omland Bompengeselskap AS.
- Svein Halleraker (H) har møtt som varamedlem i Bømlo Vegselskap AS.
- Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) er styremedlem i Askøy Bompengeselskap AS.
- Geir Angeltveit (V) har i tidlegare valperiode møtt som varamedlem i Bømlo Vegselskap AS.

Ryssdal, Halleraker, Ekrheim og Angeltveit gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Røysting (spørsmål om inhabilitet)

Utval for miljø og samferdsel vedtok samråystes at Stein Inge Ryssdal, Svein Halleraker Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim og Geir Angeltveit var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Ryssdal, Halleraker, Ekrheim og Angeltveit gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 11 representantar til stades.

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

«Talet på passeringar endrast i punkt 1 til 20 passeringar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp, 1H) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2-9 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, for Hardangerbrua og Vossapakken.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, utan passeringstak, for Halsnøysambandet og E134 Stordalstunnelen.
3. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar i Askøypakken, med etterhald om at Askøy kommune sluttar seg til omlegginga.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at det nye takst- og rabattsistemet vert gjort gjeldande for den framtidige bompengeinnkrevinga for E39 Bergen – Os.
5. Fylkesutvalet viser til det pågående arbeidet med ei revidering av Bømlopakken. Fylkesutvalet er samd med Bømlo kommune i at omlegginga av takst- og rabattsistemet for Bømlopakken kan venta til ein revidert Bømlopakke vert vedteke i Stortinget, føresett at dette skjer i god tid før nytt sentralsystem for bompengeinnkreving vert implementert.
6. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Kvammapakken om å vurdera saka på nytt, og å gjera vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsistem innan året.
7. Fylkesutvalet føreset at omlegginga til nye takstar- og rabattar ikkje gjev lågare bompengeinntekter

for dei ulike bompengesprojekta/bompengepakkane, slik at grunnlaget for dei gjeldande garantivedtaka ikkje vert svekka. Fylkesutvalet ber om at takst- og rabattomlegginga vert evaluert om lag eit år etter at endringa er gjennomført.

8. Bompengeselskapa for bompengesprojekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottssordninga for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompengetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompengesprojekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapa. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at selskapene Voss- og omland Bompengeselskap AS, Bergen-Os Bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera.
9. I tillegg viser fylkesrådmannen til at fylkestinget, i vedtak frå 14.6.2016 om etablering av eit regionalt bompengeselskap, har fastslått at prosjektet E134 Stordalstunnelen, som HFK- økonomiavdelinga er «bompengeselskap» for, snarleg skal overførast til det regionale bompengeselskapet.